

Årsrapport frå programsensor

Namn: Gunnar Foss

Programsensor for bachelor- og masterprogrammet i allmenn litteraturvitskap ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier (LLE), Universitetet i Bergen.

Oppnemnt for perioden 2011-2014 (4 år)

Rapporten gjeld perioden: hausten 2011 – våren 2012

Generelt

Programsensorens generelle inntrykk er at studiefaget allmenn litteraturvitskap ved Universitetet i Bergen har svært høg kvalitet både på undervisning, eksamensavvikling og evaluering. Dette gjeld for alle fagnivå. Eksamenssensuren må vurderast som betre ivareteke og kvalitetssikra her enn det den er ved dei fleste andre tilsvarande fagmiljø det er naturleg å samanlikne med her til lands.

Programsensoren har i denne perioden særleg vurdert **ALLV252/Litterært saremne med bacheloroppgåve**, nærmare omtalt på nettstaden

<http://www.uib.no/emne/ALLV252?semester=2013v#emnebeskrivelse>. Dette er eit studieemne som også blir gitt som tilbod innafor ei rekke andre fagkodar: Med alternativ eksamen på bachelornivå, som ALLV202 (enten skoleeksamen eller prøveforelesing), og som ALLV303/304 Litteraturvitskapleg saremne I og II på masternivå. Etter som det dermed dekker både bachelor- og masterprogrammet, peiker det seg også for programsensormandatet ut som spesielt godt eigna for ei vurdering.

Pensum

Det kurset som programsensor har hatt høve til å vurdere mest inngående, er det som vart gitt våren 2012. Kurset dreidde seg om «Den litterære elven», slik toposet «elv» er behandla i lyrikk og prosa frå antikken til vår tid innafor ei rekke ulike språkområde i Vestens litteratur. I tillegg til det skjønnlitterære pensumet skulle studentane legge opp eit større kompendium med teoretiske tekstar.

Kurset er ambisiøst, det har ei original innretting, og er litteraturvitskapleg svært interessant og sentralt. Men det må med sitt omfattande pensum også vurderas som svært krevjande, særleg som eit kurs på bachelornivå. Dette har kurshaldaren også sett og komme i møte, blant anna ved å inndele lesekorpuset i eit A- og B-pensum, vel nokolunde tilsvarande det ein elles kallar eit statarisk og eit kursorisk pensum.


Studieopplegg og undervisning

ALLV202/252 er eit kurs som blir gitt kvart semester, og som skal gi bachelorstudentane fagleg fordjuping og kvalifisere dei til opptak på masternivå, mens det, som ALLV303/304, for masterstudentane tener som spesialisering innafor enkelte avgrensa felt i faget. Kurset blir dels gitt som forelesingar, dels som seminar med aktiv deltaking frå studentane. Slike kurs er svært verdifulle universitetspedagogisk sett, idet studieopplegget som regel spring ut frå kurshaldarens faglige engasjement, slik at kursa blir prega av eit tett samband mellom forskning og undervisning. Dette gjeld i høg grad for det kurset som vart gitt våren 2012. Kurset hadde også sær stor tilstrøyming, og det må påpeikast at det, dersom deltakartalet på slike kurs blir for stort, sjølv sagt kan bli vanskeleg å få til ei optimal seminarform. Av eksamensresultata ser det likevel ut til at seminaret har gitt eit godt miljø for kunnskapsutvikling og fagleg refleksjon.

Vurderingsordning

Når det gjeld evalueringsforma for ALLV252, bacheloroppgåve/semesteroppgåve med påfølgjande munnleg prøve, er det det å seie at studentane, så langt programsensor har kunna sjå, hadde gjort eit svært grundig arbeid med semesteroppgåva, og at resultata ved den munnlege prøva også låg på eit godt nivå, med enkelte prestasjonar som peikte seg særskilt positivt ut. Det var i det heile tydeleg at emnet hadde engasjert, og at desse to eksamensprøvene fungerte svært godt som grunnlag for ei trygg evaluering. Som eit ytterligare pluss til Allmenn litteraturvitskap ved Universitetet i Bergen må det også nemnast at alle eksamenar med dei fagkodane som var knytte til dette emnet – ALLV202/252/303/304 – vart gjennomførte med ekstern sensor.

Trondheim, 30. november 2012



Gunnar Foss

programsensor